



Skarsvåg Rør og Interiør as

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/1514 - 16/11385

Saksbehandlar:

Reidun Iden Lædre

reidun.i.ladre@meland.kommune.no

Dato:

07.06.2016

Godkjenning - tilkopling til kommunalt VA-anlegg for ein fritidsbustad på eigedomen gbnr 45/29 i Stekkevikvegen

Administrativt vedtak. Saknr: 179/2016

Tiltakshavar: Anja Vågen
Ansvarleg søkjar: Skarsvåg Rør og Interiør AS

Saksutgreiing:

Det er i søknad, motteke 26.05.2016, søkt om tilkopling til kommunalt vass- og avlaupsanlegg for ein fritidsbustad på eigedomen gbnr 45/29 i Stekkevikvegen.

Eigedomen skal koplast til det kommunale VA-anlegget via private stikkledingar som går frå kum på Vikebø, jf situasjonskart motteke 26.05.2016.

Det ligg før erklæring frå eigar av leidningane, gbnr 45/112, som gjev eigedomen gbnr 45/29 rett til dette.

Vurdering:

Naudsynt erklæring med løyve til å kopla seg til private stikkleidningar ligg føre.

Administrasjonen har ingen merknad til at eigedomen vert tilknytt det kommunale VA-anlegget.

Plassering:

Tiltaket skal plasserast som vist på situasjonskart motteke 26.05.2016.

Erklæring om ansvarsrett:

Det er erklært ansvarsrett frå føretaket Skarsvåg Rør og Interiør AS.

Vedtak:

«Meland kommune godkjenner at fritidsbustad på gbnr 45/29 på Vikebø vert tilknytt kommunalt VA-anlegg i samsvar med søknad, journalført 26.05.2016, på følgjande vilkår:

- Tilknyttinga skjer på dei vilkår som kommunen har fastsett i forskrift, retningsliner og leveringsavtale.
- Alle sanitærinstallasjonar skal følgje "Standard abonnementsvilkår for vann og avløp" – Kommuneforlaget.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

- Tilknytninga skal skje i kum. Melding med dokumentasjon frå utførande røyrleggjar skal sendast kommunen når tilknytninga er utført.
- Dersom De ønskjer å leige vassmålar må det gjevast melding til kommunen.
- Gebyr skal betalast i samsvar med gjeldande gebyrregulativ. Per 01.01.2016 er tilknytingsgebyret for vatn kr 15 000,- og for kloakk kr 15 000,- pluss mva, per bueining.

Føretaket Skarsvåg Rør og Interiør AS har erklært ansvarsrett, jf plan- og bygningslova § 23-3.

Vedtaket er gjort med heimel i Lov om kommunale vass- og avlaupsanlegg og plan- og bygningslova.»

Mynde:

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Reidun Iden Lædre
konsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

VA-tilkopling 45-29

Kopi til:

Anja Vågen

Titlestadvegen 86 5243

FANA

Mottakere:

Skarsvåg Rør og Interiør as